

# E-bokprosjektet i Hordaland

## Sluttrapport

### 1. Innleiing og oppsummering av konklusjonar

E-bokprosjektet i Hordaland har vore eit spennande og interessant prosjekt. Prosjekttida har vore kort, men det har skjedd mykje på e-bokfronten mens vi har arbeidd med problemstillingane som har dukka opp. Dei første e-bøkene på norsk dukka opp i august, og ein ny generasjon e-boklesarar kom på marknaden rett før jul. Prosjektet har samla seg mykje verdifull informasjon og erfaringar, men konklusjonen er heller anleis enn forventa. E-boka er ikkje aktuell som eit vanleg tilbod i norske bibliotek i dag. Til det er det alt for mange tekniske og juridiske hindringar. Det som derimot er heilt klart er at e-bøker er eit interessant tema som er aktuelt for alle typer bibliotek, og som bibliotekvesenet gjer godt i å fylgje med vakne auge i tida framover. Vedlagt prosjektrapporten er ei oversikt over den informasjonen prosjektet har samla inn om e-bokformat og e-boklesarar. Denne oversikta trur vi vil vere til nytte for alle som er interessert i e-bøker.

### 2. Bakgrunn for prosjektet

Den papirbaserte boka blir ofte hevda å vere den beste bærar av informasjon til individet. Den har ein lav kunnskapsterskel, all kunnskap som trengst er å kunne lese, boka kan lesast utan tekniske hjelpemiddel, den treng ingen energikjelder og den er varig og stabil. I bibliotek er papirboka det mest brukte mediet, og vår hovudaktivitet er retta mot lagring, beskriving og formidling av papirbasert informasjon. I dag ser vi konturane av framtidige utfordrarar til papirboka. Såkalla elektroniske bøker, e-bøker, dvs. digitalt lagra tekstar, og e-boklesarar, små bokliknande datamaskiner med skjermar ein kan lese e-bøker på, har sett dagens lys og tilbyr nokre fordelar papirboka ikkje har, e-boka kan oppdaterast, distribuerast og kopierast på nye og raskare måtar enn papirbaserte bøker. E-boklesarane har fordelar som høg lagringskapasitet, søkbarhet og lav vekt. Ein e-boklesar på eit halvt kilo kan innehalde e-bøker tilsvarande 50 kilo papirbøker. Særleg det siste har blitt brukt som eit viktig argument for utviklinga av e-bøker og e-boklesarar. Spesielt rettar dette argumentet seg mot studentar og yrkesaktive med stor informasjonsbehov som legar og advokatar. Dette blir i stor grad ei utfordring for fagbibliotek og bibliotek i høgare utdanning, men med utdanningsreformar og livslang læring der folkebiblioteket må spele ei sentral rolle er det klart at denne utviklinga også vil røre ved folkebiblioteka. Utviklinga av e-bøker og e-boklesarar har enno ikkje komme spesielt langt, men utviklinga går mot ei verd der e-boka vil vere eit vanleg alternativ til papirbaserte bøker, og sannsynlegvis ha sin eigen nisje i bokverda. Det tyder også at folkebiblioteka i Noreg må ha informasjon nok om e-bøker og e-boklesarar til å kunne ta standpunkt til dei utfordringar som dette nye mediet representerer.

### 3. Praktisk gjennomføring

#### **Innkjøp av e-boklesarar**

Prosjektet har kjøpt inn eller bestilt fire forskjellige typar e-boklesarar. Rocket e-book frå Nuvomedia blei bestilt og kjøpt inn våren/sommaren 2000 frå Powells booksellers inc. ([www.powells.com](http://www.powells.com)), dette var ei enkel prosedyre, og lesarane blei sendt utan store forseinkingar, men måtte tollklararast ettersom dei blei klassifisert som elektroniske produkt, og prosjektet måtte derfor betale toll og mva på alle bøkene.

Prosjektet bestilte ein Softbook reader for å samanlikne med Rocketbook. Denne var ikkje aktuell som utlånslesar ettersom prisen var vesentleg høgre enn Rocketbook, og den ikkje kunne laste ned fri-tekstar frå Internett. Dette var ei vanskelegare affære fordi Softbook eigentlig ikkje vert seld utanfor USA. Vi fikk kjøpe ein til ”demonstrasjonsformål” etter å ha underteikna ein avtale om å frita Softbook Press inc. frå alt ansvar for konsekvensane av å bruke Softbook reader i Noreg. Denne e-boka blei sendt med ”bok” på tolldeklarasjonen, og vi mottok den utan å måtte betale toll og mva.

Hausten 2000 ble etterfølgaren til Rocketbook, REB1100, lansert. Denne var det fleire tekniske endringar og nye problem med i forhold til den gamle. Prosjektet vurderte det derfor som interessant å kjøpe inn eit eksemplar av denne for utprøving. Det viste seg at denne e-boklesaren ikkje blir seld utanfor USA, men at ei vanlig bestilling via nettbokhandelen Barnes&Noble ([www.bn.com](http://www.bn.com)) gikk igjennom, og boka blei mottatt, også med tolldeklarasjon ”bok”, og det var heller ingen problem med å kople den til ein PC, laste ned bøker frå nettbokhandel, eller kople den til ei telefonlinje og kjøpe bøker direkte på e-boklesaren.

Prosjektet har og kjøpt inn ein Compaq iPaq lommedatamaskin for å prøve ut Microsoft sin MS Reader programvare. Denne vart mottatt akkurat ved prosjektslutt. Det er difor vanskeleg å gje noko anna enn ein kort vurdering basert på førsteinntrykket og nokre få dagars bruk. Fargeskjermen er både det mest attraktive og den største ulempen ved desse maskinane. Fargane gjer det enklare å lese, og saman med Microsoft sin ClearType teknologi er det svært behageleg å lese på skjermen. Samstundes er skjermen svært liten, noko som gjer den naudsynt å bla ofte, dette gjer lesinga mindre attraktiv.

#### **E-bøker (dokument)**

Alle e-boklesarane lastar ned e-bøker på forskjellige måtar. Vi har hatt få tekniske problem med å gjere dette, og vurderer dei løysingane som er valt som greie for private brukarar. For bibliotek er det derimot store forskjellar på kva vi meiner er beste og mindre bra metodar.

Rocketbook – Rocketbook blir kopla til ein PC via ei krybbe. Via programmet Rocket-librarian kan ein få oversikt over bøker som ligg på Pc-en og kva for bøker ein har på e-boklesaren. Ved innkjøp brukar ein Rocket-librarian sin innebygde nettlesar og går enten til Rocket-e-book.com som sel bøker direkte til Rocket e-book, eller til Barnes&Noble som også sel bøker til dette formatet. Dette opplegget er installert og utprøvd i alle tre forsøksbiblioteka i tillegg til på fylkesbiblioteket. Sjølve

innkjøpsprosessen har gått heilt greitt, og ingen av biblioteka har hatt problem med å kjøpe inn bøker til sine lesarar. Den største utfordringa har vore at ein må ha eit kredittkort for å kjøpe inn litteraturen, og ingen av biblioteka har hatt egne kredittkort så langt. Ein har brukt private kort og fått refundert utlegga etter rekning. Dette er ein svært tungvindt metode og eit ønske frå dei bibliotektilsette har vore at det må bli mulig å kjøpe e-bøker og få tilsendt rekning slik ein gjer når ein kjøper papirbøker. Medan prosjektet pågjekk var det berre ein norsk tekst tilgjengelig for kjøp, Dronningen sover av Ingvar Ambjørnsen. I tillegg lasta ein ned gratisdokument frå Internett med programmet Rocket-writer, som er integrert i Rocket-Librarian. Dette konverterer tekstfiler og Html-dokument til .rb filer som kan lesast av Rocketbook.

Softbook brukar ein annan metode for innkjøp. Ein må kople lesaren til enten ethernet med internettforbindelse, eller ei telefonlinje for oppkopling til ein dedikert server. Her kan ein berre kjøpe og laste ned dei bøkene som er tilgjengelege frå denne eine bokhandelen. Ein kan ikkje laste ned gratisdokument frå nettet. Sjølv oppkoplinga og nedlastinga har fungert heilt greitt, men prosjektet ser denne løysinga som lite interessant for bibliotek og brukarar.

REB-1100 er ein variant av begge dei to ovanfor. REB-1100 kan laste ned dokument direkte frå ein server via telefonlinja slik Softbook gjer, men kan også laste ned frå ein netttilkopla PC og ta ukrypterte .rb dokumenter. Dvs at ein ikkje kan konvertere HTML- og tekstfiler til .rb format slik Rocket-writer gjorde, og det medfølgande administrasjonsprogrammet E-book-librarian har ingen slik funksjon. Det ein kan gjere er å få tak i ein kopi av Rocket-Librarian og bruke dette programmet til å konvertere til .rb, og så importere disse filene i e-book-librarian og overføre til e-boklesaren.

Det har ikkje vorte kjøpt inn bøker til MS-Reader. Reader bruker formatet .lit, og det er svært enkelt å laste ned fritekster frå mange kjelder på internett. Derimot er det ikkje mogeleg å lasta ned og installera bøker kjøpt frå bokhandlar som Amazon.com, av di den versjonen av Reader som fylgjer med lommePC-operativsystemet ikkje handsamar det høge sikkerhetsnivået som forlaga bruker for å kryptera sine tekster for å unngå kopiering. Reader har også ein lydbokfunksjon og denne gjer denne lesaren og Reader til eit svært attraktivt format for personleg bruk. Derimot er den uegna for bibliotekbruk då lesaren har alt for mange funksjonar som lånaren kan gjere endringer på.

### **Oppretting av evalueringsgrupper**

Det blei oppretta ei evalueringsgruppe i kvart bibliotek. Tanken var å få ei gruppe på 4-5 brukarar som saman med bibliotekpersonale skulle vurdere e-boklesarane. Kvar deltakar skulle ha ei Rocketbook heime i tre veker og så levere den til biblioteket, som så skulle låne den vidare til neste deltakar.

### **Møte med evalueringsgruppene**

Prosjektlearane deltok på eit oppstartsmøte i kvart bibliotek der ein orienterte om e-bokfenomenet, demonstrerte den utvalde e-boklesaren og gikk gjennom måla for prosjektet og forløp. Ved avslutninga av prosjektet fikk kvar deltakar eit spørjeskjema

og alle deltakarane blei samla til eit avslutningsmøte der ein fekk lufte tankar rundt e-boka muntleg og i ein uformell situasjon.

### **Informasjonsinnhenting**

Mykje av informasjonen som prosjektet har funne har vore tilgjengeleg på Internett, enten som vevsider, eller som innlegg i e-postdiskusjonar. Dei mest sentrale lenkene til vevssidene har vi lagt ut på prosjektet sin nettstad. I tillegg har prosjektleiarane vore i muntleg kontakt med sentrale aktørar på e-bokfronten både i Noreg og USA.

### **Informasjonsformidling**

Prosjektleiinga har lagt stor vekt på informasjonsformidling i heile prosjektperioden. Prosjektet har hatt eigen nettstad sidan prosjektstart (<http://www.hordaland.folkebibl.no/ebok>) og prosjektleiarane har bidratt med vurderingar og uttalingar på [biblioteknorge@nb.no](mailto:biblioteknorge@nb.no), den norske faglege e-postdiskusjonslista. I tillegg har prosjektleiar Thomas Brevik hatt innlegg på BRODD sin e-bokkonferanse i oktober 2000 og eit foredrag for bibliotektilsette på Universitetet i Bergen i november 2000 og Eva Mostraum har hatt eit foredrag på Statens bibliotektilsyn sitt møte for fylkesbiblioteka sine IT-distriktsbibliotekarar i Bergen i november 2000. Fleire innlegg er planlagt, både på nordisk fylkesbiblioteksjefkonferanse i Esbjerg i slutten av januar 2001, bibliotekmøte i Vestfold i februar 2001, bibliotekutdanninga i Oslo i april, Norsk bibliotekforening sin konferanse om opphavsrett i april og Nordnorsk bibliotekkonferanse i mai 2001. Prosjektet har og vore i media sitt søkelys og har vore dekkja i Dagbladet si nettutgåve, i NRK si programpost Kulturnytt, og ein større artikkel i Bergens Tidende. Prosjektleiarane har også formidla informasjon til prosjekgrupper på den Polytekniske høgskulen (DPH) i Bergen, som holdt på med prosjektarbeid om e-bøker.

## **4. Brukarundersøking m/resultat**

13 av deltakarane svarte på spørjeskjemaet. (Sjå vedlegg)

Berre ein av deltakarane har hatt problem med e-boklesaren: Heile innhaldet på e-boklesaren blei sletta, utan at vi førebels har klart å rekonstruere korleis det blei gjort. Dei andre rapporterte ingen tekniske problem.

Berre 6 av deltakarane hadde lest gjennom ei heil bok på e-boka. Dei fleste som ikkje hadde lest ei heil bok oppgav lita tid som grunn. Alle hadde imidlertid lest noko.

Dei fleste synes det stort sett var greitt å lese ei e-bok. Spesielt populært var baklyset og stor skrift, og at ein kunne ha store mengder tekst på ei lita "bok". Storleiken på skjermen var eit ting mange var misnøgd med, den var for liten slik at det blei veldig mykje "blaining". Det var og vanskeleg å få "oversikt" over ei bok når alt ein kunne sjå var ein liten skjerm.

10 av deltakarane svarte på spørsmålet om den neste boka dei las ville vere ei e-bok eller papirbok dersom dei hadde eit val. Seks av deltakarane ville lese ei papirbok, to ei e-bok og to var usikre. Papirbok vart førsteval for mange på grunn av betre oversikt, meir behageleg og lese og ikkje så tung som e-boka. Dei som var usikre og nokre av

dei som svarte papirbok meinte at valet kom an på kva for type litteratur dei skulle lese.

Det var fleire ønskje om ting som kunne gjere e-boklesaren betre. Ei av deltakarane fekk problem med skuldra fordi boka vart for tung. Ho ønskte seg gjerne ei innebygd "bokstøtte" og var også interessert i kva fysio-/ergoterapeutar ville meine om e-boklesaren. Ingen av dei andre deltakarane hadde problem med tyngda på e-boklesaren. Dei fleste ønskte seg større skjerm for å få mindre blaing, gjerne fargeskjerm og betre skjermoppløysning for å kunne vise tabellar og bilete. Andre ønskte seg lys på funksjonstastane ettersom e-boka var populær som sengelektyre, sidetal og betre merking av av/på-knappen. Ein litt spesiell ide var ein "fjernkontroll-ledning" som på berbare CD-spelarar.

Andre ønskje gjekk meir på innhaldssida: Kunne låne e-bok direkte online frå biblioteket og ned på eigen e-boklesar, og fleire norske bøker på marknaden.

Når det gjaldt kva for type litteratur dei mest truleg ville lese som e-bok så fekk fritidslesing, oppslagsverk og fagbøker best oppslutning medan lærebøker fekk litt færre stemmer og andre berre ei stemme. Dei yngre deltakarane som er skuleelevar ville gjerne ha lærebøker for å lette vekta av sekken medan ein av dei andre deltakarane meinte at e-boklesarar førebels var ueigna for lærebøker som som oftast har bilete og tabellar. Ein annan deltakar kunne tenke seg å lese det meste som e-bok, bortsett frå praktbøker.

Når deg gjaldt kva andre kunne ha bruk for e-bøker til og kven som kunne ha bruk for e-bøker så var det nokså like svar: Studentar/elevar, politikarar og andre som stadig skal ha med seg mykje skriftleg materiale. Svaksynte, funksjonshemma, lesesvake og andre som av ein eller annan grunn har problem med å lese i ei vanleg papirbok. Fritidslesing/ferie for å kunne ha med seg fleire titlar i ei lita bok.

Av dei 10 deltakarane som svarte på spørsmålet om biblioteket bør låne ut e-bøker svarte åtte ja og 2 nei. Grunnar til at biblioteket burde ha e-bøker er: Svaksynte, funksjonshemma og lesesvake som treng ekstra stor skrift, ekstra lys eller reint fysisk ikkje er i stand til å bla i ei papirbok kan ha glede av e-boka. Ikkje alle har råd eller lyst til å kjøpe ein eigen e-boklesar men bør likevel få høve til å prøvde den. Ein kan unngå ventelister ved å kunne låne ut fleire eksemplar av same tittel samtidig og dersom det er eit nytt tilbod på litteraturfronten så bør også biblioteket sine lånarar ha tilgang til det.

Det var få som svarte på spørsmålet om korleis biblioteket burde organisere eit slikt utlån, men dei som svarte ønskjer seg ei løysing der biblioteket har nokre få e-boklesarar til utlån men der folk også kan laste e-boka ned på sine private e-boklesarar. E-bøkene bør vere eit supplement til den papirboksamlinga biblioteket alt har.

Andre kommentarar: Deltakarane tykte at det var kjekt å få delta i prosjektet og få prøve korleis e-bøkene fungerer. Dei bibliotektilsette hadde naturleg nok ein del andre problemstillingar enn lånarane, t.d. katalogisering, innkjøp av nye titlar, teljing av utlån, m.m.

## 5. Nye problemstillingar for folkebibliotek

### a. Opphavsrett

Dette er ein av dei viktigaste problemstillingane, og ein prosjektet ikkje har gått inn på. Vi ser tydelig at utan ei god løysing på oppavsrettslege problemstillingar rundt kopiering og formidling av digitale dokumenter vil utviklinga av eit e-boktilbod i bibliotek gå svært seint.

### b. Utlån

Utlån er ein sentral aktivitet i eit bibliotek. I vårt prosjekt har vi berre lånt ut ein fysisk e-boklesar i kvart bibliotek, men dette er etter vår meining ikkje ei god løysing som utnyttar e-boka sine mange fordelar i forhold til distribusjon og formidling. Spesielt viktige er problemstillingane rundt dei mange filformata som no fins for e-bøker, og dei mange maskinvareplattformane som er tilgjengelege. Eit anna problem er dei lukka løysingane som mange i forlagsbransjen ønskjer. Det er svært viktig at biblioteka er aktivt med for å motvirke slike lukka løysningane.

### c. Fellesløysingar

Det er svært viktig at innføringa av e-bøker i norske folkebibliotek, og bibliotekvesenet generelt blir følgt opp av fellesløysingar som gjer dobbeltarbeid og forvirring unødvendig. Spesielt på kompetanseområdet er det viktig å gjere eit løft for å skape felles forståing og kunnskap om e-bøker som gir eit likt tilbod i alle bibliotek. Dette kan være med på å både spreie e-boka som fenomen, og unngå skeivhetar i tilbodet frå folkebiblioteka. Elles er det viktig å få gode avtaler/utredningar i forhold til forfattarar og forlag.

### d. Tekniske utfordringar

Dei tekniske utfordringane som e-boka presenterer er mangfaldige. Dei viktigaste er format, distribusjon og lagring, og standardar. Formatkrigen som no er i gang gjer det attraktivt for dei fleste bibliotek å vente med å gjere eit val. Samtidig er det klart at biblioteka kan være med på å påverke utbreiinga av e-bøker, og om forlag og e-bok/e-boklesarprodusentar oppdagar dette og ønskjer å få med biblioteka på utviklinga av e-bokas potensiale, så må bibliotekvesenet ha ei klar formeining om kva for krav vi ønskjer å stille til bokbransjen på dette området. Frå prosjektet si side er det eit uttrykt ønske frå både deltakarar og prosjektleiarar om at standardar, for eksempel Open E-book standarden (OEB), blir eit grunnlagsformat som biblioteka kan formidle og konvertere til det format brukarane har behov for.

## 6. Konklusjonar

E-bokkonseptet i den form det er i dag er ikkje velegna for bruk i bibliotek på grunn av ting som sterk kryptering, e-bokfila som er fysisk tilknytt ein spesiell e-boklesar slik at lånarane også må låne e-boklesaren, forskjellig ikkje-kompatible format for forskjellige e-boklesarar, m.m.

Formidlingsprogramvare og e-bokfilene er det som vil vere mest interessant for biblioteka, ikkje maskinvara som sjølve e-boklesaren representerer. På denne måten kan biblioteket kjøpe e-bokfila og bruke eiga programvare til å konvertere frå t.d. OEB-standard til forskjellige format for utlån til lånarane sine egne e-boklesarar.

Spesielle brukargrupper kan ha stor nytte av e-bøker. Forskjellig skriftstørrelse, baklys, andre måtar å bla på, blindeskriftlesar og etterkvart lydbøker vil kunne gjere all litteratur enklare og billigare tilgjengeleg for alle.

Det er eit stort behov for kommunikasjon med dei andre bokbransjeaktørane og e-bokinteresserte i Noreg. T.d. forlag, forfattarar, bokhandlarar/bokklubbar, Kulturrådet sitt e-bokprosjekt, Universitet i Bergen sitt e-bokmiljø, resten av biblioteksektoren og utdanningssektoren, m.fl. Det er eit stort behov for overvakning og oppfølging av det som skjer med e-bøkene i tida framover, og i dette arbeidet bør heile bokbransjen og undervisningssektoren vere representert.

Dei opphavsrettslege spørsmåla rundt digital litteratur er framleis ikkje avklåra. Det er trong for ein avklaring rundt det lovverket som beskytter opphavsretten. Biblioteka må stå i front for å sikre det almene publikum tilgang til elektroniske tekster gjennom lån frå bibliotek, høve til kopiering av utdrag til personleg bruk og anna rimeleg bruk. Dette er eit område der det er svært mykje som førebels er uklart og der biblioteka kan spele ein viktig rolle.

Å innføre e-bøker i det norske biblioteksvesenet vert eit stort løft, både økonomisk og organisatorisk. Vi trur at nokre fellesløysingar vil kunne gje store innsparingar og samstundes vere med på å gje både bibliotek og brukarar eit tilbod som har høg teknisk kvalitet. Dei to største aktørane på bibliotekmarknaden når det gjeld høg teknisk ekspertise på formidling av tekstar til bibliotek er i dag Nasjonalbiblioteket og A/L Biblioteksentralen. Vi innbyr difor desse to til å sjå nærare på løysingar som fellesdatabasar for e-tekster og formidlingsprotokollar, formidling og digitalisering av fritekstar og avtalar med bokbransjen om formidling av tilgjengeleg digital litteratur.

## 7. Forslag til vidare arbeid med e-bøker i folkebibliotek

Ein av dei viktigaste spørsmåla i e-bokprosjektet var om det var trong for eit større e-bokprosjekt i dei deltakande folkebiblioteka. Vår konklusjon er at det ikkje er trong for det på det noverande tidspunkt, derimot er det stor trong for ein vidare overvakning på e-bokfeltet, og vi vil difor skissera ein modell for fortsatt overvakning av e-bokfeltet med omsyn til biblioteka sin synsvinkel.

### a. Oppretta eit toårig overvåkingsprosjekt

Dette bør ha omtrent same modell som det no avslutta e-bokprosjektet. Det er viktig å ta med aktive bibliotektilsette og brukarar på råd når ein skal vurdere e-bokfeltet, samstundes som det er viktig med eit miljø der ein har ressursar til å ha spisskompetanse og oversikt over området.

## **b. Fortsette informasjonsinnhenting og utprøving**

Eit slikt overvåkingsprosjekt bør ha ressursar til innkjøp og utprøving av nye e-boklesarar som vert i salg, og nye program og format som kjen i sal dei neste to åra. Det er sannsynleg at e-boklesarar og e-bøker kjem i sal i Noreg i 2001, og ein bør difor setta inn ressursane på å få ein oversikt over dette, dernest halde følge med utviklinga i USA og andre land der e-bøker/lesarar vert selde.

## **c. Kommunikasjon og informasjonsformidling**

Prosjektet må ha som ein prioritert arbeidsoppgåve å formidla den innhenta informasjonen til det faglege miljøet og til publikum. I det avslutta prosjektet synte det seg at det var stor interesse for e-bøker både i presse og fagmiljø, dette bør ein utvikle vidare. Det er og stor trong til samråd innanfor bokbransjen som heilskap. Prosjektet bør difor ta initiativ til ein konferanse tidleg i 2002 om e-bøker sett frå det offentlege sitt ståstad. Her bør ein invitera Kulturrådet, Kulturdepartementet, Kirke-, Utdanning- og Forskningsdepartementet, universitet og høgskular, forlag, forfattarar, bokklubbar og bokhandlarar, Nasjonalbiblioteket, Biblioteksentralen, fag- og folkebibliotek og sentrale aktørar på e-bokmarknaden. Tema for konferansen kan t.d. vere korleis det offentlege Noreg skal sjå på e-boka, og kva for praktiske tiltak som det offentlege kan vere med på og kva desse kan få for tyding for utviklinga av e-boka i bok-Noreg.

## **d. Bibliotektekniske utfordringar**

I tillegg til opphavsrettslege tilhøve er det og viktig å få ein oversikt over utfordringane på det bibliotektekniske området. Prosjektet må sjå på tilhøve som må tilpassast e-boka si natur når det gjeld formidling, katalogisering og oppbevaring. Denne delen av prosjektet bør knytte til seg ressurspersonar utanfrå, frå t.d. Biblioteksentralen, Norsk bibliotekforening og Nasjonalbiblioteket. Eit eige utval med representantar frå desse institusjonane og prosjektet bør komme med ei tilråding i slutten av 2002, eller så snart det er aktuelt med e-bøker som eit vanleg tilbod i biblioteka.

## **e. Budsjett**

	<i>2001</i>	<i>2002</i>
Løn	75.000	75.000
Innkjøp av e-bøker/lesarar	50.000	50.000
Konferanse/reise	50.000	50.000
<b>Sum</b>	<b>175.000</b>	<b>175.000</b>

Ein kan sjå for seg at andre aktørar som Kulturrådet og Biblioteksentralen kan vere med på å dekke deler av utgiftene til t.d. konferansen.

## 8. Avslutning

Prosjektleiarane vil takke prosjektdeltakarane og dei tre prosjektbiblioteka for god innsats og Statens bibliotektilsyn for økonomisk støtte til og stor fagleg interesse for dette prosjektet. Vi vil også takke Eirik Newth for god utveksling av e-post og meiningar om e-bøker. Vi rettar og ein takk til alle dei som har sendt oss e-post med spørsmål eller meiningar om e-bøker. Vi har fått mange nye synsvinkler og spørsmål på den måten. Vi gler oss til å sjå nærare på e-bøker i framtida og trur det blir spennande å jobbe i bibliotek også i det 21. århundrede.

Bergen 31.1.2001

Eva Mostraum  
Prosjektleiar

Thomas Brevik  
Prosjektleiar